

Julebrev

Stjerner funkler i vindauga og julefreden nærmar seg. 2014 har vore eit spanande og givande år for Klimapartnere nettverket i Hordaland. Vi vonar at det vil verte minst like mykje aktivitet i 2015. I mellomtida håpar vi alle får anleiing til å koble ut og nyte tid med nære og kjære i høgtida.

*“Der det er utslipp er det også muligheter”
Einar Håndlykken*



Klimapartnere Hordaland har som visjon å skape ein grønare region. Vår felles mål er systematisk reduksjon av klimagassutslipp og å stimulere til grønn samfunns-og næringsutvikling



Klimaregnskap På toppleiersamlinga i slutten av november blei fyrste samla [klimaregnskap](#) for Klimapartnere Hordaland lagt fram. Dette representerer eit stort løft for nettverket og vi takkar alle medspelarar for godt samarbeid. Klimaregnskap er ein viktig del av basiskunnskapen for å sjå moglegheiter og risiko i det grønne skiftet. Det er sentralt for å få oversikt over egne klimagassutslipp(kost), betre styring, rasjonalisering av drift og vurdering av tiltak med best effekt. Vi oppmodar alle partnerar om jevnleg å sette styring av klimagassutslipp på møteagendaen for styrer og konsernleiing. Klimaregnskap 2014 er planlagt ferdigstilt juni 2015.



Møteseriar I løpet av 2014 blei ein møteserie på i alt 4 kunnskapsmøter om **klimaregnskap** holdt. Vi har og hatt 2 møter om **innkjøp**. Det fyrste var ein introduksjon, medan det neste omhandla offentlege innkjøp. Det offentlege handlar inn for over 400 milliardar kroner årleg og har dermed eit spesielt stort potensiale som ein aktiv pådrivar i det grønne skiftet. Vi har streba etter å involvere innkjøparar direkte, slik at desse kan være med i diskusjonen og problemstillingane frå start. Vi vil fortsette møteserien om innkjøp i 2015, men og byrje på nye tema som **grønn forretningsutvikling**, **miljøkommunikasjon** og **energieffektivisering**. Vi tek alltid imot innspel om de ønsker å bidra i kunnskapsseriar eller etterlyser informasjon vi bør dekke.



Vekas klimapartner Kvar veke blir det presentert ei partnernverksemd på regionanane si felles nettside. I løpet av fyrste halvår i 2015 er det ønskeleg at alle verksemdene i Klimapartnerne Hordaland er presentert. Dette ønsker vi å få til i tett dialog med sentrale representantar i kommunikasjonsavdelingane hjå partnernverksemdene. Rett over nyttår vil vi kalle inn til eit kunnsapsmøte som omhandlar klimakommunikasjon både internt og eksternt for verksemdene. Ein av fleire konkrete leveransar frå dette møtet vil være «vekas klimapartner». Dette er eit godt høve for dei ulike partnerane å fortelje om kvifor ein er med i nettverket og kva tiltak og utvikling som vert sett i gong relatert til klima.



Beste praksis I løpet av første kvartal 2015 vil ein også i samarbeid med kommunikasjonsavdelingane byrja å etablere eksempel på beste praksis. Dette kan være produkt, tjenester, samarbeid eller smarte løysningar for utsleppsreduksjon. Føremålet er at eksempla skal kunne presenteras for eit breidare publikum.



Mobilitetspakke Prosjektleder har saman med fleire andre mobilitetsaktørar i regionen byrja skisse ut ein mobilitetspakke som den enkelte verksemd kan tinga. Konseptet vil prøvast ut snarleg etter jul.



Partnarmøter & hospitering Prosjektleder er stadig ute hos partnerane for dialog. Dette har til no vore alt frå enkel kunnskapsoverføring av informasjon ein har gått glipp av, til workshoppar for miljøstyring og strategiske diskusjonar for veien vidare. Prosjektleder også hospitert hjå fleire partnernverksemder Prosjektleder er då være lettare tilgjengelig for spørsmål og kan følge opp kvar verksemd betre. Ta gjerne kontakt om de ønsker partnarmøter eller hospitering



Nasjonal utrulling I slutten av desember skal Klimapartnerne Hordaland og Agder saman ha møte med fleire interesserte regionar. Både Møre og Romsdal og Buskerud ser så langt ut til å være aktuelle. I tillegg skal ein ha møte med initiativet Næring for Klima for å avklare eventuelle samarbeidsflater.

Med dei beste ønsker om ei god jul og eit godt nyttår!

Helene Frimannslund
Prosjektleder, Klimapartnerne Hordaland
Norsk Klimastiftelse
Mob: + 47 99 08 77 00
E- post: hfrimann@klimastiftelsen.no